

Møyfrid Kristoffersen har fått svar på brevet sitt om vegen i dalen frå Ivar Kåre Døssland i kommunen og han lovar oppsetting av brøytestikker på aktuelle stader. Men sikring av vegen med stålrekkverk må prioriterast opp mot andre kommunale vegar og har ikkje høgast prioritet. Kristoffersens brev galdt framfor alt vegen mellom Musland og Friheim.

Døssland peikar på at kommunen må fylgja lova om offentlege anskaffelser og at det er inngått avtale med kontraktør frå 2010 og i 4 år.

Kontraktøren har for strekninga Øvre Musland-Fjellandsbø inngått avtale med ein lokal underentreprenør. Dette er kommunen uvedkommande så lenge vedkommande tilfredsstillar krav og kontrakt, Det meiner Døssland er ein stot fordel for brukarane. Om underentreprenøren vert leigd inn av Mesta har kommunen heller ingenting med.

Statens vegvesen er og bunden av sin kontrakt som er med Mesta og er for 5 år

Kristoffersen tykkjer det i alle fall er bra at det kjem på plass brøytestikker i år. Så håper ho at kommunen arbeider med å få på plass ein avtale med fylket før vinteren 2014.

Kristoffersen spør: Når ein set ut brøytestikkene, hadde det då vore mogeleg samtidig å ta ei vurdering på autovern slik at dette i alle fall kunne koma på ei prioriteringsliste?

Av Ola Matti Mathisen.